

# MØTEPROTOKOLL

## Leikanger ungdomsråd

---

Møtestad: **Formannskapssalen**  
Møtedato: **24.11.2009** Tid: **16:15**

---

### SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
12/09	09/614	<b>Uttale om Økonomiplan 2010-2013 og årsbudsjett for 2010</b>
13/09	09/626	<b>Løyving til kjøp av musikkutstyr</b>
14/09	09/627	<b>Orienteringar</b>

12/09

## Uttale om Økonomiplan 2010-2013 og årsbudsjett for 2010

VEDTAKET samr.:

*Leikanger ungdomsråd (LUR) gjev følgjande uttale til Økonomiplan 2010 – 2013 og Årsbudsjett 2010:*

- *LUR merker seg at driftsutgiftene pr. elev er over landsgjennomsnittet, men under snittet for kommunegruppe 2, under snittet for Sogn og Fjordane og godt under snittet for regionen. LUR voner derfor at det er gjort forsvarlege nedskjeringar på skulane slik at elevane ikkje vert skadelidande i undervisninga.*
- *LUR oppmodar kommunen til å setje av meir midlar til symjeundervisning. LUR reknar med at symjeundervisninga ligg på minimumskravet! Ut frå born og unge sitt forhold til aktivitetar i og ved sjøen meiner LUR at born og unge i Leikanger bør gjevast meiner symjeundervisning for å auka symjeferdigheitene deira.*
- *LUR voner at kommunen opprettheld kulturmidlane slik at lag og organisasjonar får tilskot som gjer at dei kan oppretthalde tiltak for born og unge.*
- *LUR voner at driftsnivået til Leikangerhallen vert oppretthalde, slik at hallen kan nyttast fullt ut! Det er særst viktig for born og unge i Leikanger å kunne ha tilgong til dette nye flotte tilbodet i kvardagane og i helgene.*

*LUR voner at kommunen vil oppretthalde ordninga med lærlingeplassar i kommunen for ungdom.*

13/09

## Løyving til kjøp av musikkutstyr

VEDTAKET samr.:

*Leikanger ungdomsråd løyver kr. 10.000 til kjøp av musikkutstyr til musikkbinge i Leikanger.*

*Kr. 5.000 vert å løyve frå konto 127024709 og kr. 5.000 frå konto 127024711.*

14/09

## Orienteringar

1. *Aksjonen mot å avvikla almenfag påbygging i Sogndal og Florø.*

*Leiaren i Sogndal ungdomsråd kontakta leiaren i Leikanger ungdomsråd om saka.*

*Leikanger ungdomsråd sluttar seg til oppmodinga frå Sogndal ungdomsråd om å stø aksjonen mot å avvikla almenfag påbygging i Sogndal og Florø.*